


Det offentlege ettersynet av reguleringsplanen er likevel ikkje gjennomført, grunna krav om endringar, mellom anna at den 700 m lange fylkesvegarmen fram til industrianlegget skal medtakast i planområdet og regulerast med fortau. Dette er krav som Fløholmen AS ikkje har kunna etterkoma i ein privat reguleringsplan. Etter handsaming i kommunestyret 10 april 2014, sak 014/2014, er reguleringssaka avslutta.

Etter dette vil Fløholmen AS ta opp att søknaden om rammeløyve for utlegging av flytebryggje, med tilvising til kommuneplanen.



Teikninga viser :

- planlagt flytebryggje og småbåthamn
- parkeringsplassar (for båthamna)
- gangline frå parkeringsplassen til båtplassane

Småbåthamna vil vera ein del av industrianlegget, med sambruk av parkeringsareal og sanitæranlegg. Fløholmen AS vil tilby vedlikehald og vinterlagring, også utandørs innafor inngjerda areal omkransa av eit grønt parkbelte og skjerma av industribygningane.

Eventuelle merknader til omsøkte tiltak må, innan 14 dagar frå mottaket av dette varselet, sendast til

Siv. ing. Vidar Mjøs, Fabrikkg 7 B, 5059 BERGEN, epost vidar-mj@online.no

Vidar Mjøs

Kopi : *Radøy kommune, postmottak@radoy.kommune.no*
Fløholmen AS, post@floholmen.no